



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2023/1614-1

Sakshandsamar: Per Wraa

### Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval	16.11.2023	32/23

## Høring om endring av lokal forskrift om tilgang til jakt på elg, hjort og rådyr, Tokke kommune, Telemark

Saksframlegg godkjent av Konstituert kommunalsjef plan og næring, Knut Erik Paulsen  
08.11.2023.


### Bakgrunn for saka:

Tokke kommune har i dag tre forskrifter som opnar for jakt på elg, hjort og rådyr. Forskriftene har minsteareal slik:

Elg: 4.000 dekar

Hjort: 4.000 dekar

Rådyr: 500 dekar



Kart syner grovt inndelinga av forvaltningsområde.

Tokke kommune er grovt sett inndela i 4 område når det gjeld forvaltning av elg, hjort og rådyr. Det er 3 område som har bestandsplan Bandakslia/Åmdals Verk (blått i kart), Vistad/Skafsåheia (lilla i kart) og Mo (rosa i kart). Området nord for Bandak (grønt i kart) har direkte tildeling frå kommunen då det ikkje er etablerte bestandsplanområde her, det same gjeld vald merkt som kvite område med raud dråpe på i kartet. Områda merkt med svart og svart dråpe er med i bestandsplanområde utanfor Tokke kommune.

I 2023 ligg bakgrunnsarealet for tildeling av elg på om lag 2.500 dekar i Mo og området nord for Bandak. Tilsvarande tal for Vistad/Skafsåheia og Bandakslia/Åmdals Verk er høvesvis 3.900 og 3.200 dekar. Bakgrunnsarealet for tildeling av elg har gått gradvis nedover dei seiste 5 åra.

I fleire år har ein tildelt hjort ut frå eit minsteareal på 2.000 dekar pr fellingsløyve i heile Tokke.

Minstearealet for tildeling av rådyr er, som i den lokale forskrifta, 500 dekar for dei vald som er under 10.000 dekar. Bestandsplanområda og vald som har meir enn 10.000 dekar har kvotefri jakt på rådyr i Tokke.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 opnar for eit fråvik frå minstearealet på inntil 50 %. Slike fråvik skal bare gjelde for eit begrensa tidsrom. Sidan det over fleire år har vore relativt stort avvik mellom det kommunale forskriftsfesta minstearealet, og det faktiske arealet bak kvar tildeling, bør ei endring av forskrifta gjerast nå. Denne prosessen vil også føre til at det blir ei forskrift å forhalde seg til, mot 3 i dag.

Fristen for å kome med forslag om endring av minsteareal er 15. januar, og forskriftsendring skal fastsetjast av kommunen innan 15. mars.

## Vurdering

Sidan dagens bakgrunnsareal for tildeling av elg og hjort ikkje er lik det som er fastsett i lokal forskrift bør forskriftene endrast. Når forskriftene endrast bør også dagens 3 forskrifter samlast i ei forskrift.

Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 18 seier *Ved fastsettelse av minsteareal og fellingskvote skal det tas hensyn til bestandens størrelse, artens levevilkår i det enkelte distrikt og den skade vedkommende viltart volder.*

Elgstamma i Tokke har variert ganske mykje dei seiste 20- 30 åra. Som alle andre område hadde Tokke ei veldig stor elgstamme på -90 talet og frametter 2000 talet. Stor avskyting fekk redusert stamma betydeleg, men den store elgstamma sette beitegrunlaget veldig tilbake og beitetakseringsrapport frå 2019 stadfester at beitegrunlaget framleis er dårleg i kommunen. Frå skogsentreprenørar/AT skog er tilbakemeldingane at beiteskadar på furuforynging tek seg noko opp. Dette er eit teikn på at elgen manglar kvalitetsbeite på vinteren, og at stamma er for stor i forhold til beitegrunlaget. For at kvalitetsbeitet skal ta seg opp att er det anbefala å halde elgstamma noko tilbake. Dagens tildeling vurderast å vere på eit nivå som gjer at elgstamma ikkje aukar.

Hjorten er vanskeleg å jakte på. Dersom ein ikkje held jakttrykket opp vil ein moglegens få ei hjortestamme som blir for stor. Det er tilbakemeldingar frå enkelte område i kommunen at hjorten øydelegg grovforavlingane ved beiting på sommaren. Det er også kome meldingar om barkgnag frå hjort på grånforynging i hkl 3. Dette er ein indikasjon på dårleg beitegrunnlag for hjorten. På Vestlandet har ein store utfordringar med ei hjortestamme meir eller mindre ute av kontroll. Det er ikkje ynskjeleg med slike tilhøve i Tokke. Vurderinga er at stor kvote på hjort fører til høgare avskjoting, som er i tråd med den kommunale målsetjinga. Etablering av bestandsplanområde verkar til å ha auka avskjoting på hjort, då heile bestandsplanområdet har ei felles kvote dei jaktar på.

Rådyrbestanden i Tokke blir i liten grad regulera av jakt. Harde vintrar og gaupe har meir å seie for kor stor rådyrstamma er.

Tokke kommune har store utfordringar når det gjeld fallvilt. Den kommunale målsetninga for forvaltning av hjortevilt seier at Tokke kommune skal ha færre enn 10 påkjørslar av elg i året. Frå 2012 til 2022 er det bare eit år der antall påkjørslar av elg har vore under 10. Gjennomsnittet for denne perioden er over 17 pr år. Totalt gjennomsnittleg registrera fallvilt av elg i same perioden er over 27.

Det er mange indikasjonar på at elg og hjortestamma i Tokke er for høg. Vurderingane er at uttaket minst bør ligge på dagens nivå. Omsynet til jaktopplevinga bør kome etter dei samfunnsøkonomiske omsyna og dyrevelferd.

Forslag til ny forskrift:

### **Forskrift om adgang til jakt på elg, hjort og rådyr, Tokke kommune, Telemark**

Fastsett av kommunestyret xx.xx.2024 med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 6.

#### **§ 1**

Det er adgang til jakt på elg, hjort og rådyr i Tokke kommune

#### **§ 2**

Minstearealet for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve er som synt i tabell:

	Elg	Hjort	Rådyr
Minsteareal	3.000 dekar	2.000 dekar	500 dekar

#### **§ 3**

Denne forskrift trer i kraft straks. Samtidig opphevast forskriftene:

- Forskrift om adgang til jakt etter elg, Tokke kommune, Telemark. FOR-2015-03-27-320
- Forskrift om adgang til jakt etter hjort, Tokke kommune, Telemark. FOR-2002-03-22-1919

- Forskrift om adgang til jakt etter rådyr, Tokke kommune, Telemark. FOR-2005-04-25-426

## **Kommunedirektørens tilråding**

Endring av lokal forskrift om tilgang til jakt på elg, hjort og rådyr, Tokke kommune, Telemark sendast på høyring. Frist for høyringsinnspel blir sett til 15. desember 2023.

**Landbruk, miljø og teknisk utval si handsaming av sak 32/2023 i møtet den 16.11.2023**

### **Røysting**

Framlegg frå Geir Arild Djuve, Sp:

Endre minsteareal for hjort til 1500 da.

Framlegget blei samrøystes vedteke

### **Vedtak**

Endre minsteareal for hjort til 1500 da.

---

---